

Årsrapport 2023

L





Bilde forside:
Skjørhagl *Lamproderma scintillans*
Foto: Paco Moreno (Bidragsyter: Mira Rawet), CC BY 4.0

Bilde denne side:
Flueåte *Limacina helicina*
Foto: Erling Svensen, Ocean Photo, CC BY 4.0

Årsrapport 2023

┌	



Damfrosk *Pelophylax lessonae*
Foto: Dag Dolmen, CC BY 4.0

Innhold

Del I Styret si årsmelding for 2023...	7
I.1. Arbeidet til styret i 2023...	7
I.2. Artsdatabanken si forvaltingsbrukargruppe...	7
I.3. Kunnskap om naturen er viktigare enn nokon gong...	8
Del II Introduksjon til virksomheten og nøkkeltall...	10
II.1. Verksemd og samfunnsoppdrag...	10
II.2. Organisasjon og leiing ...	11
II.3. Utvalde nøkkeltall ...	11
Del III Aktivitetar og resultat i 2023...	15
III.1. Prioriteringar frå tildelingsbrevet...	15
III.2. Andre aktivitetar og resultat ...	17
Del IV Styring og kontroll i verksemda...	26
IV.1 Risikoanalysar og -handtering ...	26
IV.2 Fellesføringar frå KDD...	28
Del V Framtidsutsikter...	29
Del VI Årsrekneskapen...	31
VI 1 Leiarkommentar årsrekneskapen 2023 ...	31
VI 2 Prinsippnote til årsrekneskapen ...	32
VI 3 Årsrekneskapen med notar...	34
Vedlegg årsrapport 2023 - Artsdatabanken...	42

Del I Styret si årsmelding for 2023

I.1. Arbeidet til styret i 2023

Styret har det overordna ansvaret for den samla verksemda til Artsdatabanken. Det blei gjennomført seks styremøte i 2023, fire av dei elektronisk.

I 2023 har styret bestått av

- Aina Bartmann (leiar), GMO-nettverket
- Vara: Bård Øyvind Bredesen, Oslo kommune
- Bernt Erik Sæther (nestleiar), Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
- Vara: Inger Elisabeth Måren, Universitetet i Bergen
- Torborg Berge, Natureco
- Vara: Erling Gunnufsen, Fredrikstad kommune
- Hans Asbjørn Sørli, Norges Skogeierforbund
- Vara: Maria Pettersvik Arvnes, Norges Fiskarlag
- Kristoffer Bøhn, Sabima
- Vara: Maja Aarønæs, Sabima
- Stine Svalheim Markussen (tilsettrepresentant) Artsdatabanken
- Vara: Wouter Koch
- Ivar Ekanger (representant for forvaltingsbrukargruppa), Landbruks og matdepartementet.
- Vara: Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet

I.2. Artsdatabanken si forvaltingsbrukargruppe

Aktuelle sektorar skal vere representert i ei brukargruppe bestående av representantar frå relevante forvaltningsorgan. Klima- og miljødepartementet utnemner seks medlemmer med varamedlemmer til forvaltningsbrukargruppa etter forslag frå følgjande departement:

- Klima- og miljødepartementet
- Kommunal- og distriktsdepartementet
- Landbruks- og matdepartementet
- Nærings- og fiskeridepartementet
- Olje- og energidepartementet
- Samferdselsdepartementet.

Brukargruppa skal ifølgje Artsdatabankens mandat vera eit rådgivande organ for Artsdatabankens styre og direktør, som skal sikra forvaltningsrelevans. Det blei gjennomført to møte i forvaltningsbrukargruppa i 2023, der blant annet Framandartslista 2023 og Artsdatabanken si formidling var tema.

Medlemmer i Forvaltningsbrukergruppa per 31.12.23:

- Kristin Nordli, Kommunal- og distriktsdepartementet
- Varamedlem: Daniel Hesby Mathé, Kommunal- og distriktsdepartementet
- Frode Berntin Johansen, Noregs vassdrags- og energidirektorat
- Varamedlem: Kristine Naas, Noregs vassdrags- og energidirektorat
- Elin Johanne Slettum, Statens vegvesen
- Varamedlem: Jarle Waage, Jernbanedirektoratet
- Birgitte Arstein, Fiskeridirektoratet
- Varamedlem: Anne Marie Abotnes, Fiskeridirektoratet
- Ivar Ekanger, Landbruks- og matdepartementet
- Varamedlem: Linn Viken Bøe, Landbruksdirektoratet
- Ivar Myklebust, Miljødirektoratet
- Varamedlem: Anne Sundbye, Miljødirektoratet

I.3. Kunnskap om naturen er viktigare enn nokon gong

Sidan 2005 har vi spelt ei viktig rolle i kunnskapssamanstillinga og formidlinga innan naturmangfald i Noreg.

Artsdatabanken har lagt bak seg eit år som har vore prega av fleire viktige leveransar, slik som Artsobservasjoner 3.0, Framandartslista 2023 og NiN 3.0.

Artsobservasjoner er eit viktig reiskap for folkeforskarar og gir samtidig samfunnet betydeleg auka tilfang av kunnskap om artars levestad.

Framandartslista er eitt av dei viktigaste kunnskapsgrunnlagane for forvaltning av framande artar i Noreg. Norske artar og økosystem blir negativt påverka av framande artar i stadig aukande grad.

Natur i Norge (NiN) er sjølve kjernen i offentleg finansierte kartlegging av natur i Noreg. Den nye versjonen av NiN 3, og tilrettelegginga av metodikken, møter behovet i samfunnet for beskriving av natur og tilbyr eit felles system på tvers av sektorar og fagtradisjonar. Dette gjer resultat frå kartlegging og registrering av natur nyttige for langt fleire enn dei som opphavleg kartla han, og kan på den måten bidra til eit kunnskapsløft for naturen.

Det har vore eit produktivt år i Artsdatabanken. Samstundes med de faglege leveransane bygger vi om organisasjonen og måten vi arbeider på, for framtida. Dette gjeld mellom anna arbeidet med Raudlista for artar og Framandartslista. Vi har óg starta på arbeidet med å forbetre måten vi kommuniserer på våre nettsider. Vi har omorganisert verksemda og leiingsstrukturane for å skape ein organisasjon som i endå større grad støttar opp under verdiane våre: objektiv, framtidsretta og påliteleg.



Foto: Geir Mogen, CC BY-NC 3.0

Samarbeid om kunnskap er nødvendig

Samfunnsoppdraget til Artsdatabanken føreset tett dialog ikkje berre med brukarane våre. Vi samarbeider også med dei vitskaplege institusjonane som leverer kunnskapen i tenestene våre, og vitskapleg tilsette som med kompetansen sin gjennomfører vurderingar av mellom anna trua artar, trua naturtypar og framande organismar.

I 2023 har vi arbeidd endå meir med å innhente kunnskap om brukarane våre, mellom anna for å sjå på korleis vi kan leggje til rette nettsidene våre betre, slik at informasjonen på nett blir meir tilgjengeleg. Dette er arbeid som vil gi positive resultat for brukarane våre i åra som kjem.

Vi er godt nøgde med måloppnåinga i 2023. Arbeidsoppgåver og ressursbruk i 2023 har vore grundig forankra i styrevedtak om årsplan og budsjett. Resultatoppnåinga har blitt rapportert kontinuerleg til styret gjennom året. Styret er tilfreds med administrasjonen si planmessige utvikling og drift av verksemda, saksførebuingar, økonomistyring og oppfølging av vedtak i styret i 2023. Styret ser fram til vidare god dialog med KLD, andre relevante styresmakter og kunnskapssektoren om samfunnsoppdraget til Artsdatabanken.

Trondheim, 15. februar 2024

Aina Bartmann

Bernt-Erik Sæther

Torborg Berge

Hans Asbjørn Sørli

Kristoffer Bøhn

Stine Svalheim Markussen

Ivar Ekanger

Dokumentet er elektronisk signert

Del II Introduksjon til virksomheten og nøkkeltall

II.1. Verksemd og samfunnsoppdrag

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald og har som hovudoppgåve å formidle oppdatert informasjon om arter og naturtypar og gjere den lett tilgjengeleg. Gjennom innsamling, systematisering og formidling av kunnskap, byggjer Artsdatabanken bruern mellom vitskap og samfunn. Artsdatabankens visjon er «Artsdatabanken – samfunnets kjelde til kunnskap om naturens mangfald».

Artsdatabanken er eit statleg forvaltningsorgan under Klima- og miljødepartementet, og blei oppretta i 2005. Departementet har det overordna ansvaret for Artsdatabanken sitt mandat, oppnemning av styre og løyving av årleg budsjett. Det meste av kunnskapen vi formidlar er tilgjengeleg gjennom nettbaserte tenester som alle finns på artsdatabanken.no. Kunnskapen vert brukt av svært mange ulike aktørar, både innan forskning, forvaltning og næringsliv, og Artsdatabanken sitt samfunnsoppdrag kviler på samarbeidet med aktørane som produserer og bruker kunnskapen.

Artsdatabanken har ansvar for å:

- Innhente, vidareutvikle, kvalitetssikre og gjere tilgjengeleg kunnskap om arter og natur i Norge (NiN)
- Drifte og vidareutvikle karttenester for artar og Natur i Norge (NiN).
- Bidra i utviklinga av økologisk grunnkart
- Foreta jamlege revisjonar av Norsk raudliste for arter og Norsk raudliste for naturtypar
- Foreta jamlege revisjonar av økologisk risiko for framande arter i Noreg
- Administrere Artsprosjektet som skal styrke kunnskapen om artsmangfaldet i Noreg i jf. eige mandat
- Utføre oppgåver som er i tråd med Artsdatabanken sitt formål
- Drifte og vidareutvikle infrastruktur for kunnskap om arter og økologi
- Vere ein aktiv aktør i relevante fora, både nasjonalt og internasjonalt


For å kunne løyse desse oppgåvene, er Artsdatabanken heilt avhengig av samarbeid med andre. Eit svært breitt tilfang av vitskapleg ekspertkompetanse er nødvendig for at Artsdatabankens produkt skal halde det nødvendige nivået, og denne rår vi ikkje åleine over. Vi samarbeider med svært mange ekspertar og faglege institusjonar i utarbeiding av raudlister, framandartslista, NiN-systemet med meir.

Artsdatabanken er òg avhengig av godt samarbeid med brukarane våre, mellom anna forvaltninga. Forvaltningsbrukargruppa er ein arena for gjensidig informasjon. Artsdatabanken har i tillegg eit godt samarbeid med relevante forvaltningsorgan i relevante sektorar ut over gruppa, slik som Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

Ein tredje samarbeidsarena er dei frivillige organisasjonane som både nyttar våre tenester, men som også mellom anna driv kursing av brukarar av tenestene og står for validering av observasjonar i Artsobservasjonar.

II.2. Organisasjon og leiing

Artsdatabanken er lokalisert i Pirsenteret i Trondheim.



Figur 1 viser organisasjonskart for Artsdatabanken.

Leiinga består per 31. desember 2023 av:

- Bjarte Rambjør Heide, direktør
- Arild Lindgaard, seksjonsleiar Seksjon for kart og naturmangfold
- Ingar Pareliussen, seksjonsleiar Seksjon for artskunnskap
- Pernille Feilberg, seksjonsleiar Seksjon for formidling
- Stein Arild Hoem, seksjonsleiar Seksjon for IT-utvikling

II.3. Utvalde nøkkeltall

Artsdatabanken hadde 32 fast tilsette pr 31.12.23. Det ble utført 29,5 årsverk i 2023.

Tabell 1 Nøkkeltall for verksemda knytt til tilsette og årsverk

Nøkkeltall	2021	2022	2023
Talet på tilsette	35	36	32
Talet på avtalte årsverk	34	34	31
Talet på utførte årsverk	31,9	30,9	29,5

Talet på tilsette i 2023 har gått ned i forhold til året før. Dette kjem av at vi ved årsskiftet har ei vakant stilling og ingen mellombels tilsette.

Nøkkeltal, økonomi


Tabell 2 Nøkkeltall knytt til økonomi

Nøkkeltal	2021	2022	2023
Samla tildeling post 01-99* (kr)	90 694 000	91 492 000	97 589 000
Utnytningsgrad post 01-99* (%)	98,50	95,29	95,68
Driftsutgifter (kr)	64 042 060	60 705 226	65 005 472
Lønsdel av driftsutgifter (%)	44,54	45,78	45,80
Lønsutgifter pr. årsverk (kr)	891 354	898 594	973 258

Tildelingar

Artsdatabanken sine samla løyvingar utgjorde 94,53 mill. kr i 2023.

I tillegg kom 3,1 mill. kr. overførte midlar frå 2022, der 1,66 mill. kr. var på 1411.01, 0,07 mill.kr. på 1411.21 og 1,40 mill.kr på 1411.70.




Figur 2 Fordeling av Artsdatabanken sine løyvingar inkl. overført beløp frå 2022

Utgifter

Artsdatabanken sine utgifter fordelt på ulike kategoriar i 2023 er illustrert i Figur 1.

Ein vesentleg del av Artsdatabankens oppgåver blir løyste i tett samarbeid med biologisk fagekspertise frå vitenskaplege institusjonar i heile Noreg. I 2023 gjekk om lag 39,34 mill. kr. til anten kjøp av eller tilskot til biologisk fagekspertise i samband med tenestene og produkta våre. Dette utgjorde om lag 40 prosent av dei totale løyvingane. Tilskot til Artsprosjektet stod for 22,02 mill. kr. av dette. Bruken av desse midlane til tilskot og kjøp av eksperttenester har, i tillegg til bidraget til våre leveransar, ein svært stor positiv verknad for mange av fagmiljøa i Noreg når det gjeld aktivitet knytt til blant anna kartlegging av artar, risikovurdering, metodeutvikling og oppbygging av kompetanse på taksonomi.


Fordelingen av utgiftstyper per kap./post er gitt i Figur 2.



Figur 3 viser fordeling av utgifter på ulike utgiftstyper for Artsdatabanken per post for 2023

Utvikling i talet på besøk

Artsdatabanken opplever over tid auka bruk av tenestene våre, sjølv om utviklinga har flata noko ut etter 2021 for Artsdatabanken.no. Artsobservasjonar og Artskart.



Figur 4 viser besøk av tenestene våre

*Tala er påverka av at me flytta tenestene til skydrift i løpet av 2023, og dermed ikkje har nøyaktige tall på alle besøk i den perioden.

Meir innhald

Artsdatabankens system vert fylte med meir og meir kunnskap om norsk naturmangfald.

Tabell 3 viser mengde innhold i våre tjenester.

	2020	2021	2022	2023
Arter på nett (talet på artar totalt)	2665	2927	3433	3682
Artsobservasjoner (talet på observasjonar totalt)	24 mill	27 mill	29 mill	31,5 mill
Artskart (talet på registreringar totalt)	33 mill	48 mill	49 mill	48 mill*

* Nedgangen i totaltala frå 2022 til 2023 kjem av at eit større datasett med 0-verdiar, som kom inn i 2021, blei trekt tilbake av dataeigarane. Totaldelen av positive artsfunn i Artskart auka også i 2023, m.a. i takt med dataa frå Artsobservasjoner.

Del III Aktivitetar og resultat i 2023

Aktivitetane og resultatane i 2023 byggjer på Artsdatabanken sitt mandat, tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet og strategien vår.

III.1. Prioriteringar frå tildelingsbrevet

I tildelingsbrevet sitt til Artsdatabanken for 2023 peikar Klima- og miljødepartementet på følgjende prioriterte oppgåver:

- Drift av Portal for økologiske grunnkart og sekretariatsoppgåver for direktoratsgruppa for økologisk grunnkart.
- Rettleiing og nødvendig vidareutvikling av Natur i Noreg.
- Arbeidet med Framandartslista.

I det følgjande kjem ein gjennomgang av arbeidet med desse oppgåvene i 2023.

Økologiske grunnkart

Formålet med tenesta er å gi eit betre kunnskapsgrunnlag for forvaltings- og planleggingsarbeid nettopp ved å samle kartlaga i éin brukarvennleg portal. Portal for økologiske grunnkart blei lansert hausten 2020 og har sidan vore drifta av Artsdatabanken. Portalen fungerer framleis godt, og arbeidet vårt er knytt til stabil drift, retting av feil og arbeid med datasett som skal inn eller ut av portalen. Desse datasetta blir spelte inn frå direktoratsgruppa for økologisk grunnkart. Ved utgangen av desember 2023 gjev portalen tilgang til 62 datasett. I 2023 har aktiviteten i direktoratsgruppa, og såleis arbeidet med nye datasett, vorte noko redusert ut frå manglande kapasitet i Miljødirektoratet, som leiar arbeidet i gruppa.



Foto: Rune Halvorsen, CC BY-SA 4.0

Vi registrerer auka bruk av portalen og har byrja å få fram bruksstatistikk. I 2023 har portalen gjennomsnittleg 1500 besøk per måned, med om lag 850 unike brukarar. Portalen legg til rette kartdata på ein måte som vi meiner vil bidra til ei meir effektiv kunnskapsinnhenting for kommunar som skal drive arealdisponering, og for andre brukargrupper. Det er likevel rimeleg å tru at potensialet til økologiske grunnkart ikkje er uttømt, og at arbeidet med mobilisering av fleire relevante kartlag er nødvendig. Artsdatabanken vil halde fram med å bidra med dette arbeidet, innanfor rolla vi er tildelt.

Natur i Norge

Norsk handlingsplan for naturmangfald, Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet, slår fast at Natur i Norge (NiN) skal utgjere kjernen i offentleg naturkartlegging, i tråd med Stortinget sitt vedtak om dette. NiN er samfunnet si felles verktøykasse for å beskrive natur på ein samanliknbar måte. Med eit felles system på tvers av sektorar og fagtradisjonar, blir resultat av kartlegging og registrering av natur nyttige for langt fleire enn dei som opphavleg kartla han. På den måten kan NiN bidra til eit løft for kunnskap om naturen.

Artsdatabanken har eit ansvar for å utvikle og leggje til rette NiN-metodikken slik at han kan brukast i kartleggingsarbeidet til miljøforvaltinga og i dei andre sektorane. I tråd med dette har Artsdatabanken i 2023, saman med Naturhistorisk museum i Oslo, leia arbeidet med å ferdigstille ein revidert versjon av NiN, kalla NiN 3.0. Denne nye versjonen blei lansert i et eige seminar på Klimahuset på Tøyen 16. november 2023. Den nye versjonen samlar alle erfaringar, innspel og forskingsresultat i ein heilskapleg versjon.

Artsdatabanken har utvikla ein ny, heilskapleg kodebase som vil handtere strukturen på nettsidene og i tenestene våre, produsere eksterne kodetenester og handtere relasjonane mellom tidlegare versjonar av NiN.

Brukarane av NiN, særleg innanfor kartlegging, vil ha behov for omstilling etter publiseringa av NiN 3.0. Artsdatabanken vil derfor tilby versjon 2.3 av NiN som vil liggje uendra og tilgjengeleg på nettsidene våre.

Formidling av NiN på ein forståeleg og god måte har blitt høgt prioritert både på nettsida til Artsdatabanken og i rettleiingsmateriellet. Her har brukarmedverking vært viktig i utviklinga av våre nye tenester for NiN på nett.

Framandartslista

Framandartslista viser kva økologisk risiko framande artar kan utgjere for naturmangfaldet i Noreg. Ei ny utgåve av Framandartslista vart publisert 11. august 2023.

Framandartslista er eit svært viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av framande artar i Noreg. Kunnskapen i Framandartslista er eit av dei mest sentrale kunnskapsgrunnlagane både for reguleringa av framande organismar i «Forskrift om fremmede organismer», og for behandling av søknadar om innførsel og utsetjing av framande organismar.

Det er viktig både for relevansen til lista og tilliten samfunnet har til reguleringa av framande organismar, at lista blir oppdatert jamleg slik at ho tek omsyn til ny kunnskap. Lista for 2023 inneheld 1086 dørstokkartar, 157 av desse er vurderte til risikokategoriane høg risiko og svært høg risiko.

Arbeidet med dørstokkartar er ei direkte oppfølging av tiltak 10 i regjeringa si tiltaksplan «Bekjempelse av fremmede skadelige organismer», som kom i 2020. Målet med tiltaksplanen er at den uheldige påverknaden framande artar har på økosystema og på evna deira til å levere økosystemtenester, skal vere mindre etter fem år samanlikna med då plana vert vedteken.

Eit fømtitals ekspertar frå vitskaplege institusjonar har utført risikovurderingane i 2022 og 2023. Artsdatabanken hjelpt og rettleia ekspertane i vurderingane. Dei førebelse risikovurderingane vart lagde ut til offentleg innsyn tidleg i 2023 og mange innspel kom til ekspertane både om ny kunnskap og feiltolking. Nokre av innspela gjorde at risikovurderingane vart endra. Lista vart lansert i august 2023.

Som del av arbeidet med lista har vi mykje kontakt med forvaltinga, næringar og andre interessentar for å få innspel til forbetring av kunnskapsgrunnlaget for lista og til framstilling og kommunikasjon av resultatane. Vi kjem til å halde oppe denne kontakta for å formidle innhaldet av den nye framandartslista.

Oppsummering:

Artsdatabanken har levert som planlagt på dei overordna prioriteringane i tildelingsbrevet.

III.2. Andre aktivitetar og resultat

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank, og skal forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, artar og populasjonar. Det inneber at vi har ei rekkje ansvarsområde som ikkje blir spesifikt omtalte i dei årlege overordna prioriteringane i tildelingsbrevet frå Klima- og miljødepartementet. Oppgåvene kjem fram av mandatet.

I det følgjande gir vi ein overordna gjennomgang av arbeidet vårt knytt til kunnskap om artar, kartfesta informasjon om naturmangfald og raudlister og Framandartslista i 2023.

Kunnskap om artar

Artsdatabanken har mange aktivitetar som har til formål å styrkje kunnskapen om artar i Noreg.

Artsprosjektet

Sentralt i dette arbeidet er Artsprosjektet, som skal sikre ei langsiktig oppbygging av kunnskapen om artar i Noreg, med særleg vekt på dei artane vi veit lite om i dag.

Årleg har vi utlysingar av tilskot til dette arbeidet. Tilfanget av søknader viser at interessa er svært stor i dei relevante norske fagmiljøa, og for 2023 blei det søkt om 90 millionar kroner.

Vi delte ut 20,9 millionar kroner til seks prosjekt med oppstart i 2023.

Kartleggingsprosjekta fører til auka kunnskap om dårleg kjende artsgrupper og styrkjer kompetansen og rekrutteringa innan taksonomi og biosystematikk i Noreg. Data frå Artsprosjektet kjem samfunnet og forvaltinga til gode gjennom fleire av Artsdatabanken sine produkt og tenester.

Artar på nett

Data frå mellom anna Artsprosjektet blir lagde inn i tenesta Artar på nett. Denne tenesta har som mål å gje ulike brukargrupper enkel tilgang til kvalitetssikra og oppdatert informasjon om alle artane som finst i Noreg. Tenesta samlar, genererer og deler opne data i form av tekst, bilete, film, lyd og nøklar til å bestemme artar.

I 2023 er det laga informasjon om ei rekkje artar og organismegrupper (takson). Totalt er det så langt laga 69 nøklar og lagt inn informasjon om cirka 4630 organismegrupper. På nettsidene til Artsdatabanken er det no godt over 19 000 bilete og nær 300 filmar som er merkte med takson. Informasjonen blir lagd ut på nett i nært samarbeid mellom dei vitskaplege institusjonane og Artsdatabanken.

Om lag 30 prosent av budsjettet til Artsdatabanken for 2023 blei brukt på arbeidet med Artsprosjektet og Artar på nett.

Eigenskapsbanken

Arbeidet med databasen Eigenskapsbanken vart avslutta i 2023 på grunn av manglande ressursar. Det er framleis eit ønske frå forskarar og forvalting om ein systematisk og standardisert oversikt av eigenskapane til artane, men ressursane til Artsdatabanken strakk ikkje til for å kunne utvikle denne tenesta.

Artsnavnebasen

Rett og konsekvent bruk av namn på artar er nødvendig både for å halde oversikt over artsmangfaldet og for å forvalte artane. Artsnamnebasen er den sentrale namnetenesta for artar i

Noreg. Den inneheld ved utgangen av 2023 meir enn 224 000 vitskaplege namn og meir enn 51 500 populærnamn.

Artsnamnebasen er viktig også fordi han blir brukt i mange andre av tenestene våre som er knytte til artar, som Norsk raudliste for artar og Framandartslista. Arbeidet med ein ny og meir brukarvennleg versjon av Artsnamnebasen held fram, og den første tekniske oppdateringa av basen sidan 2009 er sett i gang.

Oppgraderinga er viktig for å kunne tilby eksterne ekspertar som bidreg i namnearbeidet på frivillig basis, eit effektivt verktøy, slik at dei framleis ønskjer å bidra i arbeidet med artsnamn. Det har vore vanskeleg å få sett av nok ressursar internt i Artsdatabanken til utvikling og ferdigstilling av ny artsnamnebase, men oppdateringa vil bli fullført i 2023.

Artsobservasjonar

Kunnskap om kvar artar er, er viktig for ei kunnskapsbasert arealforvaltning. I 2023 har om lag 2,5 millionar observasjonar blitt lagde inn i Artsobservasjonar av allmenta. Artsobservasjonar inneheld no over 30 millionar observasjonar.

Artsdatabanken har sidan 2020 arbeid med ein større teknisk oppgradering, og lanserte i 2023 ein ny og mobiltilpassa versjon. Denne versjonen har universell utforming og er tilpassa alle brukargrupper, samt at ein har integrert biletgjenkjenning frå Artsorakelet. Den nye versjonen blei sluppen som ein betaversjon før sommaren, og erfaringar og innspel frå brukarane tatt med i vidare utviklingsarbeid. Artsdatabanken arbeida vidare med teknisk utvikling av tenesta hausten 2023, med fokus på andre delar av systemet og ulike brukargrupper behov og ønsker. Den originale versjonen (2.0) vil bli drifta parallelt med vidareutviklinga av ein ny versjon.

Artsfunna frå kunnige naturinteresserte er eit omfattande og viktig kunnskapsbidrag som kjem i tillegg til den artskartlegginga som skjer gjennom mellom anna konsekvensutgreiingar og anna artskartlegging i regi av offentlege styresmakter. Det er viktig for kvaliteten i tenesta at ein viss del av funna blir validerte av ekspertar, særleg for raudlista, framande og forvaltingsrelevante artar. Det er gitt økonomiske tilskot til Sabima og BirdLife Norge til kvalitetssikring av funn, i tillegg til brukarstøtte, testing og formidling om Artsobservasjonar.



Foto: Andreas Frisch, NTNU Vitenskapsmuseet, CC BY 4.0.

Artsorakel

For å auke interessa – og gjere kunnskap om artar meir tilgjengeleg både for amatørar og vidarekomne artsinteresserte – lanserte Artsdatabanken tenesta Artsorakel i 2020. Dette er ei teneste som bruker kunstig intelligens i form av maskinlæring til å identifisere artar ut ifrå bilete i Artsobservasjonar. Tenesta har ein app og ei nettside som begge er fritt tilgjengelege for alle. Tenesta vert jamleg oppgradert. I 2023 har modellen for gjenkjenning av bilete blitt vidareutvikla, og ein ny versjon av appen blei lansert. Arbeidet aukar kvalitet og forbetrar brukaropplevingane, mellom anna med ei ny presentasjon av sannsynlegheit, i tillegg til «profilbilete» av mange av artane.

Utviklinga av Artsorakel er i utgangspunktet basert på eit samarbeid med Naturalis Biodiversity Center i Nederland. Ytterlegare internasjonale samarbeid gjer at appen i stadig større grad kan kjenne igjen artar som er framande i Noreg, fordi modellen kan trenast på bilete av artar frå andre land i Europa.

Bruken av tenesta aukar stadig, framleis utan at vi aktivt marknadsfører ho. Det tek vi som eit teikn på at vi når målet vårt med tenesta, som er at ho skal bidra til at fleire skal kunne meir om artar.

I 2023 har det blitt gjort heile 3,6 millionar spørjingar i Artsorakel. Det er ein aukning på 2 prosent frå året før. I juli 2023 kom det inn nær 22 000 spørjingar per dag til appen, og på ein enkelt dag i august kom det inn nær 35 000 spørjingar.

Det er eit stort potensial for integrering av Artsorakel i nye tenester i Artsdatabanken, slik det blei gjort i den nye versjonen av Artsobservasjonar.

Kartfesta informasjon om naturmangfald

Kartfesta informasjon om naturmangfald er nødvendig for praktisk forvaltning av areal.

Artsdatabanken tilbyr karttenester som er knytte til både artar og naturtypar. Fagsystema Artskart og NiN-kart utgjer også viktige fundament i arbeidet med økologisk grunnkart.

Artskart

Artskart er ei viktig kjelde til stadfesta informasjon om førekomsten av artar i Noreg, og tenesta blir brukt av offentleg forvaltning, forskarar og utgreiarar, ymse interesseorganisasjonar og privatpersonar. Artskart viser i dag nesten 48 millionar artsfunn frå om lag 365 databasar hos vitskaplege institusjonar i tillegg til data frå Artsobservasjonar. Vi har i snitt registrert om lag 100 000 unike brukarar per månad, og i tillegg har vi mange fleire brukarar via eksterne tenester (Landsbruksdirektoratet, Miljødirektoratet m.fl.).

I 2023 blei det utvikla ny funksjonalitet for å handtere tilbakemeldingar på observasjonar som ekspertar eller andre brukarar meiner bør rettast eller krev anna oppfølging. Denne funksjonaliteten er ein del av arbeidet med å sikre kvaliteten på data i Artskart. I tillegg blir datainfrastrukturen for sensitive artsdata (definert gjennom retningslinjer frå Miljødirektoratet) bygd opp frå grunnen med oppdatert teknologi. Denne revisjonen vil forenkle drifta av infrastrukturen, gi universitets- og forskingsmiljøa ny funksjonalitet for sikker avlevering av sensitive artsdata og slik auke tilfanget av data med stor betydning for areal- og naturforvaltning.

Desse løysingane er planlagt ferdigstilte tidleg i 2024.

Fremtidas artskartlegging

I 2022 inngjekk Artsdatabanken og Miljødirektoratet eit samarbeid for å forbetre faggrunnlaget for artskartlegging. Dette samarbeidet har teke form gjennom ei konseptutgreiing som Artsdatabanken har leia. Konseptutgreiinga blir publisert våren 2024, og tek for seg metodikk, rammer for standardisert artskartlegging og betre dataflyt.

NiN-kart

NiN-kart er Artsdatabanken sitt fagsystem for økologiske data etter NiN-systemet. NiN-kart lagrar og forvaltar sentrale datasett, som det nasjonale landskapstypekartet og nasjonale datasett for miljøvariablar etter NiN. I 2023 blei ein oppdatert versjon utvikla og publisert. Oppdateringa gir eit betre brukargrensesnitt i tråd med ny grafisk profil. NiN-kart vil bidra til økologisk grunnkart med fleire etterspurde og viktige datasett.

Internasjonalt samarbeid

Global Biodiversity Information Facility (GBIF) er eit internasjonalt nettverk og ein internasjonal datainfrastruktur som er finansiert av styresmakter i ulike land. Det er retta mot å gi kven som helst, kvar som helst, open tilgang til data om alle typar liv på jorda. Gjennom dette arbeidet er det utvikla standardar og verktøy som legg grunnlaget for den omfattande dataflyten Artsdatabanken har realisert gjennom Arskart. Noreg er medlem i GBIF gjennom den nasjonale noden ved Naturhistorisk museum, UiO, som vi samarbeider tett med.

I 2023 har Artsdatabanken arbeid i det nye konsortiet som drifrar det norske GBIF-arbeidet. Artsdatabanken deltok, saman med GBIF-noden på Naturhistorisk museum (UiO), på det årlege styringsmøtet til GBIF internasjonalt (GBIF Governing Board). I tillegg deltek Artsdatabanken på dei årlege konferansane til det internasjonale standardiseringsforumet for naturmangfalldata – TDWG som medlem.

Raudlister og Framandartslista

Arbeidet med raudlister og Framandartslista er ein sentral del av verksemda til Artsdatabanken.

I 2023 har fokus vore på arbeidet med Framandartslista 2023, og vi viser til omtale av dette arbeidet under kapittel III.1.

Fjerde utgåve av Norsk raudliste for artar blei lansert 24. november 2021. Resultata frå Raudlista for artar blir mellom anna brukte i direktorata sitt arbeid med oppfølgings- planen for trua natur og nasjonalt statistikkprogram.

Raudlista for naturtypar er eit viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltninga av naturmangfald i Norge. Arbeidet med lista starta i 2023 og er planlagd ferdigstilt i 2025. Den nye raudlista vil bygge på den nye versjonen av NiN-systemet (3.0), som er omtalt i kapittel III.1. I 2023 var det arbeid med prosjektplanlegging og metodegrunnlag. Arbeidet startar for fullt i 2024 med eksterne ekspertkomitear.

Artsdatabanken har og bidratt i det internasjonale arbeidet med metodikk gjennom IUCN i 2023.




Foto: Hans Tore Rapp, Universitetet i Bergen, CC BY 4.0



Foto: María-Luz Herrero, NIBIO Norsk institutt for bioøkonomi, CC BY-SA 4.0

III.3. Brukarorientering og kommunikasjon

Vi fortset å jobbe med kommunikasjon og formidling som verktøy for å nå Artsdatabanken sine mål, og tenkjer heilskapleg i dialogen vår med samfunnet generelt og med ulike brukargrupper spesielt. I samband med dette, gjorde vi hausten 2023 et større arbeid med utforming av ein formidlingsstrategi for Artsdatabanken. Blant anna for å prioritere målgrupper for formidlinga vår. Arbeidet inkluderte mellom anna interne workshopar og diskusjonar med Forvaltingsbrukargruppa. Utvikling og gjennomføring av handlingsplanar skal sikre implementering av strategien frå 2024.

Måten den nye Framandartslista vart lansert på, er eit eksempel på eit strategisk val: Førre gong en framandartsliste blei lansert, skjedde det i form av eit todagars fagseminar. Denne gongen valde vi å gjennomføre lanseringa som eit kort arrangement, med eit spissa budskap, ei breiare målgruppe og overlevering av lista til klima- og miljøministeren som sentralt punkt. Vi opplevde med det at målet om auka merksemd om fremmedartslista på politisk nivå og i samfunnet generelt, vart nådd. Det såg vi mellom anna på at vi nådde godt ut i ulike medium sjølv om vi måtte konkurrere med ekstremvêret Hans, og at den nye framandartslista blei nemnt både av statsråden og ulike samfunnsaktørar i debattar på Arendalsuka veka etter, og andre stader. Ein meir detaljert presentasjon av Framandartslista for ulike fagmiljø, ble gjort i form av deltaking på arrangement retta mot ulike typar fagmiljø hausten 2023.

Arena for kunnskapsformidling og kommunikasjon

Arendalsuka er ein ny arena for dialog med ulike interessentgrupper, som vi testa ut i 2023. I tillegg til å delta som bidragsytarar på arrangement i regi av andre og som publikum i debattar med tema knytt til naturmangfald, deltok vi med eit eige arrangement om framande artar. Målet var å bidra til å nyansere debatten, og det meiner vi at vi oppnådde. I tillegg fekk vi fanga opp ulike aktørars behov og synspunkt når det gjeld artar og naturmangfald, noko me tek med oss i det vidare kommunikasjonsarbeidet.

Video og animasjon

Prosjektet med å bruke video som verktøy for å dele informasjon om artar og naturtypar, og om korleis vi arbeider med å skaffe kunnskap om desse, blei evaluert i juni 2023. Konklusjonen var at vi skal fortsette å bruke video som verktøy, men at dette i større grad må sjåast i samanheng med strategiar og planer for dei ulike tenestene. Av ressursomsyn valde vi å legge ned vårt interne videostudio.

Evalueringa viste også at video som verktøy for å dele kunnskap frå artsprosjekt og praktisk bruk av tenester, fungerer meir etter hensikta enn video brukt for å dele generell informasjon om Artsdatabanken. I forbindelse med lanseringa av NiN 3.0, publiserte vi videoar med intervju om kartlegging, og delte desse i sosiale medium. Talet på gonger desse er sett og delt viser at dei opplevast som nyttige.

I tillegg testa vi animasjon som verktøy, med en animasjon om NiN, og kvifor det er viktig for samfunnet å ha eit felles språk om natur. Animasjonen blei først vist på lanseringsarrangementet for NiN 3.0, deretter delt i sosiale medium, og den er no publisert på våre nettsider. Vi hausta mange gode tilbakemeldingar både frå fagfolka bak NiN og andre, og ser difor på animasjon som eit verktøy vi vil bruke vidare.

Nettsider

I 2022 ble det arbeidd med fornying av Artsdatabanken sin logo og grafiske profil, med mål om å oppnå auka attkjenning og sikre eit heilskapleg uttrykk på tvers av Artsdatabanken sine tenester. I 2023 blei den nye profilen justert og implementert.

Artsdatabanken.no er vår viktigaste plattform for kunnskapsformidling. For å betre brukarane si oppleving og det heilskaplege uttrykket på nettsidene, starta vi hausten 2023 planlegginga av eit større prosjekt. Planlegginga innebar analyse av eksisterande nettstad, og intervju med både brukarar og interne. Sjølve prosjektet vil føregå i 2024 og 2025.


Miljøstatus

Våren 2023 vart det gjennomført ein stor, ekstern evaluering av nettstaden miljøstatus.no. I påvente av konklusjonen – og som eit resultat av denne, har vårt bidrag til miljøstatus.no vært lavere i 2023 enn i 2022.

Mediemerksemd

Lokale og nasjonale medium er framleis ein viktig kanal for å nå ut med kunnskap om naturmangfald. I 2023 blei Artsdatabanken nemnd i 8212 artikler i media. Det gir eit snitt på 684 gonger pr. måned.

Vi har som mål at fleire medieredaksjonar skal sjå på Artsdatabanken som ein leverandør av kunnskap og av nyheiter om artar og naturtypar. At fleire medier uoppfordra tok kontakt med oss i forkant av lanseringa av Framandartslista, tyder på at arbeidet med å posisjonere Artsdatabanken som kunnskapsleverandør har hatt effekt. Sjølv om talet på antalet sakar i media ikkje har auka frå 2022, ser vi at vi har fleire større artiklar i år enn tidligare.



Figur 5: Antallet mediesaker om Artsdatabanken eller våre tjenester.

III.4 Teknologi og digitale tenester

Alle produkt og tenester i Artsdatabanken treng teknisk plattform. Arbeidet med IT og infrastruktur er difor eit viktig fundament i Artsdatabanken si formidling av kunnskap. Alt arbeid med teknologi og digitale tenester har som overordna mål å bidra til auka brukarvennlegheit for eksterne brukarar og bidragsytarar til våre tenester.

Arbeidet omfattar alt frå oppbygging av databasar med brukargrensesnitt for datainnlegging, til forretningslogikk, feilretting og funksjonalitet for datapublisering. Tilbakemeldingar frå brukarar er viktige i dette arbeidet.

IT-tryggleik og drift

I 2023 har infrastruktur, som tidlegare var drifta på NTNU, blitt migrert til skydrift hos Microsoft Azure i samarbeid med felles IKT-drift i miljøforvaltningen.

I samband med flytting av tenestedrifta, har det blitt arbeidd vidare med modernisering, konsolidering og delvis sanering av tenester. Mellom anna har tekniske løysingar for tenester som Artsobservasjoner 3.0, blitt moderniserte og tilpassa etter prinsippa som gjeld for skydrift. Dette vil gjere det enklare å arbeide med ny funksjonalitet i framtida.

I tillegg kjem ordinær drift og mindre oppdateringar i tekniske løysingar elles. Dette omfattar overvaking og nødvendige oppdateringar i samband med potensiell tryggleiksproblematikk på plattformen.

Omsyn til IT-tryggleik og personvern er ein integrert del av både drifts- og utviklingsoppgåver. Skydrift varettek behov for skalering, backup og overvaking, og aukar dermed tryggleiken. Tilsvarande er det kontinuerleg fokus på mellom anna universell utforming i arbeid med utvikling av alle løysingar retta mot brukar.

Tenesteutvikling

Vi jobbar kontinuerleg med å gjere tenestene våre enklare tilgjengelege, slik at kunnskapen kan brukast mest mogleg effektivt. Dette inkluderer arbeidet med dei tekniske plattformene og tenestene for deling av kunnskap om artar og naturmangfald som er beskrivne i del III.2 «Andre tenester og resultat».

Framandartlista

For denne tenesta utvikla vi ein eigen modul for innsyn og moglegheit for å gje tilbakemeldingar på førebelse vurderingar. Målet var å gjere det enklare å gje tilbakemeldingar og å handtere dei i etterkant. For visninga av dei fullstendige ekspertvurderingane av framande artar, utvikla me ei nettløysing for søk, filtrering og statistikk basert på same plattform som for visning av siste raudliste. Mykje av utviklingsarbeidet blei gjort basert på erfaringar frå tidlegare lister, og tilbakemeldingar frå brukarane.

Artskart

Som følge av dei nyutvikla løysingane for rapportering og merking av funn med avvikande kvalitet i Artskart, vil datakvaliteten og dermed nytta for brukarane auke. Løysingane blei utvikla i løpet av 2023, og vil implementerast i 2024. For å gjere det enklare å referere til spesifikke funn, er det no eit eige refererbart faktaark med detaljar, kart- plassering og eventuell bilettdokumentasjon for alle funn. For dei som eksporterer data frå Artskart og bruker dette vidare i publikasjonar, plansaker og liknande, gjer ei ny løysing for å utferde digital objektidentifikator (DOI) at dei kan referere til kjelda via det internasjonale doi.org. Eksportane vil vere permanent tilgjengelege for gjenteken nedlasting via ei teneste hos Artsdatabanken. Dette gir transparens og moglegheit for å attskape forskingsresultat. For dei som bidreg med data til Artskart i form av datasett og samlingar, har vi laga ei eiga vising med statistikk knytt til datasettet.

I tillegg har vi jobba med ei oppdatert teknologisk plattform for den nye taksonomiske namnebasen. Dette vil mellom anna gjere det enklare for eksterne system og brukarar å følge med på taksonomiske endringar og å bruke Artsnamnebasen i arbeidet sitt.

NiN 3.0 og ny taksonomisk navnebase

I samband med utvikling av NiN 3.0, har vi mellom anna jobba med utvikling av API-kodetenester. Desse viser systematikken i NiN på et maskinlesbart format, og er derfor viktige for dei som lagar datasystem for kartlegging etter NiN 3.0-standarden.



Havsvalø Hydrobates pelagicus. Foto: Tycho Anker-Nilssen, NINA, CC BY 4.0

Del IV Styring og kontroll i verksemda

Artsdatabanken har eit godt system for styring og kontroll. Systemet er tilpassa vår storleik, kompleksitet og eigenart. Vi jobbar dessutan kontinuerleg med å forbetre arbeidet.

I 2022 blei det gjort endringar i verksemda, mellom anna når det gjeld:

- endringar i talet på budsjett disponeringsfullmakter;
- innføring av disponeringsskriv som styringsreiskap
- jamleg vurdering av risiko på verksemdsnivå, operativt nivå og prosjektnivå

Endringane er fulgt opp i 2023.

IV.1 Risikoanalysar og -handtering

Risikoanalysar og -handtering i Artsdatabanken skjer både på dei individuelle prosjekta, på seksjonsnivå og på verksemdsnivå.

På verksemdsnivå peika vi ut desse risikoane i 2023:

Natur i Norge

«Utvikling og lansering av NiN 3.0. Dette er eit arbeid som har stort søkjelys i Klima- og miljødepartementet, hos sektorstyresmakter og blant nærings- og miljøorganisasjonar. Konsekvensane av at systemet anten ikkje blir kommunisert, forstått eller sett i verk godt nok hos brukarane blir vurderte som stor.»

NiN versjon 3 blei lansert i tråd med planen den 16. November. Ei utfordring var forseinka eksterne leveranser, som blei handtert gjennom prioriteringar på kva innhold som skulle på plass til lanseringa, og kva som kunne vente til tida etter.

